

Orientering og status i arbeidet med Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar og vidareføring av det politiske arbeidet i Vestlandsprogrammet si "finansgruppe"

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet tek orienteringa til etterretning.
2. I samband med at ein vil gjennomføre ei undervegsevaluering av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar i 2010, bør Vestlandsrådet i tråd med den nye samarbeidsavtalen, vurdere å be fylkeskommunane/fylke ta ansvar for ei vidareføring av Vestlandsprogrammet som eit fylkeskommunalt overgripande samarbeide.
3. Den politiske gruppa som har ansvaret for å følgje opp EU sin maritime strategi i Vestlandsrådet skal også nyttast som "finansgruppe" i Vestlandsprogrammet.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Saksframstilling

Bakgrunn for at saka er reist:

Saka sitt hovudføremål er å gje Vestlandsrådet ei orientering om status i det fylkesovergripande samarbeidet "Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar". Programmet handlar om å vidareutvikle næringsvegar basert på nye marine oppdrettsartar. Hovudtyngda i saka er ei tematisk gjennomgang om aktivitetar og status frå programmet vart starta opp i januar 2007 og fram til 2. kvartal 2009.

Ei av hovudårsakene til at Vestlandsprogrammet vart oppretta i januar 2007 var erkjenninga av at dei offentleg finansieringsordningane som fanst, ikkje var tilstrekkelege/tilpassa dei økonomiske utfordringane nye-artar næringane står overfor på vegen mot kommersialisering. Arbeidet med å få etablert betre verktoy for finansiering har difor hatt høgste prioritet i Vestlandsprogrammet sidan næringa har identifisert at eigenkapitalfinansiering og risikoavlastning for å kunne byggje opp biomasse, er den største flaskehalsen for oppskalering og kommersialisering.

Med bakgrunn i dette, vart det i juni 2007 (sak 14/07) vedteke å etablere ei fast "påvirkningsgruppe" (seinare kalla "Finansgruppa"). Gruppa sitt mandat har vore å øve påverknad mot sentrale prosessar. Etter stortingsvalet i september er det klart at to medlemar (Tor Bremer og Oskar Grimstad) frå denne gruppa no har sitt sete i Stortinget. På denne bakgrunnen ynskjer Vestlandsprogrammet at Vestlandsrådet vidarefører arbeidet i denne gruppa.

Orientering om aktivitetar i Vestlandsprogrammet pr. 2. halvår 2009

1. Organisering av programmet

Eigar av Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar er Vestlandsrådet.

Programmet er organisert med *ei programgruppe* der marine medarbeidarar frå dei fire deltakarfylka samt representant frå Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd (NFR) og Fiskeri og Havbruksnæringens Landsforening (FHL) har ansvaret for gjennomføring av den operative leiinga av Vestlandsprogrammet.

Vestlandsprogrammet si *styringsgruppe* er næringsgruppa i Vestlandsrådet, som er forsterka med ein representant frå Innovasjon Norge.

Denne organiseringa av programmet har, med mindre justeringar, vore fast sidan oppstarten i 2007.

Vi legg opp til ei organisering og gjennomføring som skal gjere at programmet sine ressursar (både økonomiske og personressursar) i størst mogleg omfang går til gjennomføring av aktivitetar som skal komme næringa til gode. Medarbeidarane i programgruppa er lønna av sine respektive fylker, og dei same dekkjer også reiseutgifter i samband t.d. møter. Så langt har også NFR og FHL dekkja reiseutgifter til sine representantar i programgruppa. Administrative utgifter vert såleis halde på eit særleg lågt nivå.

Leiinga av Vestlandsprogrammet følger leiinga i Vestlandsrådet. Erfaringa har vist at arbeidsmengda med leiing av programmet er stor (om lag 50 % stilling) og går ut over dei ordinære oppgåvene dei marine medarbeidarane skal gjere i sine eigne fylker. I 2009 vert det difor sett av økonomiske ressursar til å leige inn sekretær/koordinator til å avhjelpe arbeidspresset. Det tok tid å finne rett kompetanse og køyre tilsettingsprosess, og i august 2009 vart ein medarbeidar tilsett i 50 % engasjement i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Denne fagpersonen vil også kan følgje arbeidet i 2010, slik at programmet kan nyte godt av den opparbeida kompetansen eitt år til.

2. Innhald, mål og prioriteringar

Hovudmålsetjing for Vestlandsprogrammet:

”Vestlandet skal vere internasjonalt leiande på utvikling og kommersialisering av nye marine oppdrettsartar”

Følgjande delmål gjeld for arbeidet:

1. Satse systematisk på utvalde marine arter
2. Utvikle betre finansieringsstrategiar
3. Sikre oppbygging av kompetanse
4. Utvikle effektive verktøy for arealplanlegging
5. Gjennomføre eit effektivt påverknadsarbeid
6. Opprette ei effektiv organisering av gjennomføringa av Vestlandsprogrammet.

For den praktiske gjennomføringa av delmåla, vel Vestlandprogrammet å arbeide innan fire innsatsområde:

- Programområde I: Rammebetingingar - Finansieringsordningar
Programområde II: Areal
Programområde III: Rekruttering
Programområde IV: Næringsutvikling og FoU

Vestlandsprogrammet starta opp med fokus på seks utvalde prioriterte artar, og tok ein ny art frå og med 2009. Dei prioriterte artane i Vestlandsprogrammet er:

Torsk	Kamskjel - havbeite	Kråkebolle - intensiv produksjon
Blåskjel	Flatøsters	
Kveite	Hummar - landbasert	

Gjennom arbeidet med å utforme årlege handlingsplanar, legg vi stor vekt på ein god og tett dialog med næringsaktørane, slik at vi sett fokus på aktuelle problemstillingar for næringane.

3. Økonomi:

Frå oppstarten i 2007 og fram til no er det dei fire involverte fylka som finansierte programmet. Finansieringa har hatt slik fordeling:

	2007:	2008:	2009:
Møre og Romsdal fylke:	500	1 000	1 000
Hordaland fylkeskommune	1 000	1 000	1 000
Rogaland fylkeskommune	500	1 000	1 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1 000	1 000	1 000

I høve til dei oppgåvene som Vestlandsprogrammet har som mål, ser vi at den summen som er til rådvelde ikkje strekk til. Pengane vert ved årlege tilsegn overført til ein felles konto, som vert administrert av Hordaland fylkeskommune. Det er og etablert eit system og rutinar slik at felles utviklingsprosjekt i regi av Vestlandsprogrammet kan administrerast gjennom Innovasjon Norge sine etablerte system for prosjekter. Dette er i dei tilfella der prosjektet er meir retta mot ei bedrift enn det er tilretteleggjande for ei bransje. Dette er i tråd med målet om å bygge på og nytte eksisterande strukturar og organisasjonar.

4. Profilering

Det vert jamleg utarbeidd nyheitsbrev om hendingar i Vestlandsprogrammet. Desse vert distribuert med e-post til næringsaktørar og forskings- og forvaltningsaktørar i alle fire vestlandsfylka i tillegg til nasjonalt viktige organisasjonar/institusjonar.

I tillegg pliktar alle prosjekta som vert delfinansiert av Vestlandsprogrammet å få dette fram i informasjon til media og andre aktørar at dette er eit tiltak under Vestlands-programmet og Vestlandsrådet.

Andre profileringstiltak:

- Nyheitsbrev vart delt ut under *Aqua-Nor i 2007* i tillegg til fagleg program (nye marine artar i oppdrett) på standen.
- Nyheitsbrev vart distribuert på *Skjellkonferansen 2008* i Kristiansand.
- Under "*Sjømat for alle*" 2008 i Bergen vart informasjonsark om programmet delt ut saman med smaksprøver av kveite, torsk, blåskjel og østers.
- "Smak 09" råstoff til kokkekurs, Lillestrøm, februar 2009.
- Informasjonsfaldar og roll-up vart saman med fagleg program om nye marine artar presentert under Aqua Nor 2009.

5. Aktivitetar

Programområde I: Rammebetingingar - Finansieringsordningar

Vestlandsrådet satt ned ei politisk gruppe (Finansgruppa) i 2007 for å arbeide med sentrale prosessar når det gjeld finansieringsordningar. Gruppa er administrert av Leiv Grønnevet (SINTEF MRB) og har hatt desse medlemmane i 2008 og 2009:

Tor Bremer (Sogn og Fjordane fylkeskommune)
Tom-Christer Nilsen (Hordaland fylkeskommune)
Oskar Grimstad (Møre og Romsdal fylke)
Janne Johnsen (Rogaland fylkeskommune)
Trude Nordli (Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening (FHL)).

Mandatet til denne gruppa vart vedteke 05.12.07 (sak 22/07):

1. Arbeide overfor sentrale styresmakter for å få etablert gode ordningar innanfor finansiering, investering og tilskott for å utvikle marint havbruk på Vestlandet.
2. Etablere ei brei kontaktflate mot Stortinget, regjeringa, departement, Innovasjon Norge og andre statlege organ som arbeider med saksfeltet.
3. Følgje opp framlegg til finansielle tiltak som er lagt fram av Vestlandsrådet.
4. Utarbeide årlege handlingsplanar for arbeidet.

Innsatsen til gruppa sine einskilde medlemmer har variert sterkt, men det alltid vore minst ein politisk representant med i møta mellom gruppa (med sekretær) og dei eksterne ein har hatt drøftingar/orienteringar for.

Utifrå signal Programgruppa for Vestlandsprogrammet får frå næringsaktørane på Vestlandet, er framleis arbeidet med å legge til rette for eigna finansieringsordningar er det som bør ha høgst prioritet.

Vestlandsprogrammet ser det difor som svært viktig i det vidare arbeidet med nye marine artar, at ei politisk gruppe fortsetter å virke under koordinering av Leiv Grønnevet.

Det er viktig for måloppnåing at gruppa vert koordinert av ein fagleg tung sekretær, og for

Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar er det viktig at vi framleis nyttar Leiv Grønnevet frå SINTEF MRB til dette arbeidet.

Saker som kan ha politisk aktualitet i næraste framtid:

- Tilpasse eksisterande finansieringsordningar slik at dei vert tilgjengelege for nye-artar bedrifter
 - Investinor AS, Krav til avkastning er så høg, at dette i praksis ikkje er tilgjengeleg for næringar/bedrifter under oppbygging. Det same kan i noko grad gjelde viljen til å gå inn i mindre bedrifter og ha eit grensesnitt mot sårknfond.
 - I dei nest 1-3 åra kan marknaden og driftstilhøva vere svært vanskeleg for torskeoppdrettarane og det vil vere viktig å kunne følgje denne situasjonen og arbeide med tiltak som kan bere næringa gjennom vanskane.
 - Regionale forskingsfond. Sikre at fonda sin innretning og operative drift er slik at nye marine artar bedrifter kan nytte fonda.
 - Eigarskapen til Innovasjon Noreg: Korleis kan vi aktivt politisk nytte denne rolla som verktøy i næringsutvikling for nye marine artar.
- Politisk forankring av strategiar for næringsutvikling. T.d. er det under utarbeiding ein "Strategi for utvikling av blåskjelnæring i Noreg" i 2009-2010. Her er det no drøftingar i Innovasjon Noreg og i fiskeri- og kystdepartementet. Dette let seg ikkje gjennomføre utan aktiv politisk forankring.
- For ei framtidretta næringsutvikling, treng vi kanskje ei ny marin stortingsmelding? Der kan ein få fram kva som fungerer godt i dag, og kva som ikkje fungerer optimalt, samt å peike på vegen vidare. Finansielle utfordringar vil naturleg vere ein del av dette biletet.

Aktivitetar under dette innsatsområde:

- *Utarbeiding av "Plan for etablering av marint Investeringsfond og risikoavlastning for marint oppdrett mai 2007"*

Leiv Grønnevet vart engasjert for å utarbeide eit fagleg grunnlagsdokument for vidare arbeid med desse utfordringane. Ein rapport på 26 sider var ferdig mai 2007.

- *Møte med Fiskeridepartementet 29. mai 2007*

Her vart rapporten vedrørende marint investeringsfond og risikoavlastning for marint oppdrett presentert. Til stade var bl.a. seniorrådgjevarar frå Fiskeri og kystdepartementet samt representantar frå Nærings- og handelsdepartementet.

- *Workshop om garantiordning i Bergen den 29. april 2008*

Vel 30 deltakarar var med. Det var representantar for oppdrett av torsk, blåskjel, kamskjel og hummar, representantar frå fem banker, investeringselskap, fylkeskommunar, Innovasjon Norge, Fiskeri- og kystdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og

Stortingsrepresentantar, samt medlemmer av Finansieringsgruppa.

- *Møte 5. mai 2008*

Orienteringsmøte om etablering og målsetting for det som seinare fekk namnet Investinor AS.

- *Møte 9. juni 2008*

Møte med statssekretær Vidar Ulriksen (FKD, Øyvind Slåke (NHD) og Janne Sjelmo Nordås (KRD). I tillegg deltok ei rekke sentrale embetsmenn og saksbehandlarar frå dei tre departementa. *Dette arbeidet gav ikkje resultat, for i statsbudsjettet for 2009 var det ikkje gitt nokon form for signal om utviding av garantiramma for Innovasjon Norge.*

- *Arbeid med garantiordning i tilknytning til regjeringa sin tiltakspakke*

I samband med finansieringsproblema for torskeoppdrett som ble avdekkja hausten 2008, ble det overfor FHL og andre grupper som arbeidet med spørsmåla orientert om det arbeidet som var gjort med omsyn til garantiordning i forhold til statsbudsjettet for 2009. Saka ble på ny tatt opp med sikte på at regjeringa skal legge inn endringar i garantiordninga i krisepakka som kom i januar 2009.

- *Oktober 2009 – Forprosjekt "Økonomi i torskeoppdrettsnæringa"*

Forprosjekt for yngel, stam- og matfisk av torsk der ein vil gjennomføre ei avgrensa kartlegging av den økonomiske og finansielle situasjonen for torskeoppdrettarane. Særleg føremål vil vere å sjå på finansierings- og gjeldssituasjonen i 1-3 år framover. Vidare skal ein sjå i kva grad ein har offentlege tiltaksordningar, og om det er mogleg å gje kortsiktig finansieringsbistand. Ein ynskjer også å vurdere og klare ut om det er trong for nye offentlege tiltak.

Programområde II: Areal

- *Kunnskapsbasert planleggings- og forvaltningsverktøy - AkvaVis*

AkvaVis er eit kunnskapsbasert GIS-basert verktøy for lokalisering av akvakulturverksemd til dei best eigna områda. Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune, Havforskningsinstituttet og Innovasjon Norge har bidrege økonomisk og ressursmessig inn i prosjektet. Christian Michelsen Reaserch AS (CMR) har leia arbeidet med å utvikle ein demonstrasjonsprogramvare der blåskjel var "pilot-art".

I 2008 vart det med tilskott frå Vestlandsprogrammet gjennomført ei brukarundersøking for evaluering av AkvaVis. Ei rekke næringsaktørar, forskarar og personar på ulike nivå i forvaltninga fekk gjennom fylkesvise møter presentert verktøyet og gav tilbakemelding på brukarvenlegheit og nytteverdi. Ein rapport om undersøkinga er lagt ut på www.RUP.no.

Programområde III: Rekruttering og kompetanse

Alle vidaregåande skuler og høgskuler slit med å få kompetente og interesserte elevar/studentar til fagområde akvakultur. I neste rekke vil dette ramme næringa, som slit for å få tak i kompetente arbeidsfolk med praktisk/teoretisk fagleg bakgrunn. I og med at fylkeskommunane er eigarar av dei vidaregåande skulene meiner Vestlandsprogrammet for nye marine artar det er viktig å involvere seg i rekrutteringsproblemet. Ein ser det som viktig å legge til rette for å auke kompetansen om tiltak som kan ha positiv innverknad på rekruttering til utdanningsretning som vil gagna næringa.

I påvente av oppstarten av eit annonsert nasjonalt rekrutteringsprosjekt i regi av Fiskeri- og kystdepartementet, utsette vi oppstart av aktivitetar i 2007. Vi har i ettertid vore i jamleg kontakt med eit prosjektet som no har namnet "Sett sjøbein", og vil koordinera aktiviteten der dette er mogleg.

- *Rekrutteringsmøte 2. desember i Bergen desember 2008*

I samarbeid med Norsk sjømatcenter i Bergen heldt vestlandsprogrammet eit dagsmøte der representantar frå vidaregåande skular og opplæringskontor i alle vestlandfylka var til stades. Det vart avgjort å jobbe vidare med utvikling av eit mogleg fellesprosjekt innan dette tema i 2009. Arbeidet vert kopla til det nasjonale arbeidet innan dette feltet.

- *Møte 4. desember 2008 i Trondheim med Trude Olafsen, SINTEF Fiskeri og Havbruk (ansvarleg for nasjonalt rekrutteringsprosjekt)*

Møte der vi fekk orientering om det planlagde nasjonale rekrutteringsprosjektet og vidare prosess.

- *Støtte til rekrutteringsfremjande aktivitetar*
 - Student/elevrabatt for deltakarar på Torskenettverkskonferansen i Bergen 11.-13. februar
 - Stønad til sjømat frå Vestlandet under kokkekurs under messa "Smak 09" i Lillestrøm, februar 2009.

- *Utarbeiding av forprosjektplan våren 2009*

Vestlandsprogrammet har utarbeidd ein forprosjektplan for "Forprosjekt rekruttering og kompetanse – marine bedrifter med hovudvekt på nye-arter nærings på vestlandet". Overordna mål er å bidra til ein meir målretta og samordna innsats på vestlandet for å auke rekruttering og betre kompetansen i nye-arter bedrifter.

Programområde IV: Næringsutvikling og FoU

Her har vi sett fokus på eksterne felles utviklingsprosjekt som skal bidra til å bringe nye-arter bransjen framover mot kommersialisering. Prosjekta bør involvere dei fleste av våre fire vestlandsfylke og involvere fleire aktørar der dette er mogleg. Vestlandsprogrammet vil vere ein samarbeids- og finansieringspartner med meir næringsretta fokus enn Norges Forskningsråd har i sine FoU-prosjekt. Vestlandsprogrammet har eit meir fylkesovergripande perspektiv enn dei fylkesvise regionale utviklingsprogramma. Ein tek sikte på å samarbeide med andre finansieringsaktørar der dette er mogleg.

Dei fleste av prosjekta vert delfinansiert av Vestlandsprogrammet etter ekstern utlysning av prosjektmidlar, men vi har også sett i gong forprosjekt etter initiativ i programgruppa.

Vi har hatt ekstern utlysning av midlar i 2008 og 2009. I 2008 fekk vi sju prosjektskisser der vi gjekk inn med delfinansiering i fire av desse. I vidare dialog med søkjar vart det så utarbeidd fullstendige prosjektplanar. Dette er ei arbeidsform som er svært tid- og ressurskrevjande, og ved utlysinga i 2009 ynskja vi fullstendige prosjektsøknadar. Vi fekk inn 14 søknadar med samla budsjett på NOK 56 mill., der Vestlandsprogrammet er spurt om delfinansieringa av NOK 16 mill. Vestlandsprogrammet si *totale* årlege løyving frå dei fire deltakarfylka var i 2009 på NOK 4 mill., så vår finansielle moglegheit er sterkt avgrensa i høve til interessa frå nærings.

Tabell 1: Oversyn over oppstarta prosjekt/tiltak i Vestlandsprogrammet:

Prosjektnamn 2009	Stønadmottakar	Beløp (x 1000)
INCOD - (år 2 av 3)	Norsk Sjømatcenter	1 000
UTSETT - Setteskjel til havbeite (kamskjel) (år 1 av 2)	Scalpro AS	1 000

Informasjonskonferanse – blåskjel (ferdig)	Hordaland blåskjelldyrkarlag	30
Studentdeltaking på torskenettverksmøte (ferdig)	Norsk Sjømatsenter	18,6
Betre overleving og kvalitet på blåskjel – Forprosjekt (sluttfase)	Oldermann Seafood AS	270
Smak09 kokkekurs (ferdig)	Norsk Sjømatsenter	20
Rekrutteringstiltak - nye artar – Forprosjekt	VP nye artar - Programgruppa	60
Grenseverdiar for CO ₂ i intensive produksjonstorsk (år 1 av 2)	Norsk Sjømatsenter	570
Rotatoriar som levande fôr til torskeyngel (år 1 av 2)	SINTEF Fiskeri og havbruk	525
Slakting og vidareforedling av oppdrettstorsk (år 1 av 3)	Møreforskning Marin	1 220
Kommersielt kråkebollefôr - Sea Urchin Farm AS (år 1 av 3)	Innovasjon Norge	1 050
Effektiv dyrkingsteknologi konsumøsters (år 1 av 3)	Bømlo Skjell AS	1 000
		6 763,6

Prosjektnamn 2008

Sesongvariasjon i djupvatn - marine klekkeri (år 1 av 2)
Industriell utvikling av blåskjel på Vestlandet (ferdig)
AkvaVis Brukarundersøking (ferdig)
Finansiering av nye-arter bedrifter (ferdig)
Sjømatbar - Sjømat for alle (ferdig)

Stønadmottakar

Sagafjord Sea Farm AS	700
SINTEF Fiskeri og havbruk	450
CMR	225
SINTEF MRB	100
Norsk Sjømatsenter	20

Beløp (x 1000)

1 495

Prosjektnamn 2007

INCOD - (år 1 av 3) - Norsk Sjømatsenter
Stabil produksjon av hummaryngel - Norwegian Lobster Farm

Stønadmottakar

Innovasjon Norge	1 000
Innovasjon Norge	1 390

Beløp (x 1000)

2 390

Korleis velje dei prosjekta som skal få delfinansiering

Prosjekta er vald ut etter kvalitet og aktualitet i høve problemstillingar som vi har sett fokus på i handlingsprogram og strategiplan. Vestlandsprogrammet har lagt opp til gode rutinar for å sikre den faglege kvaliteten og innhaldet i prosjektsøknadene. I tilfeller der fleire prosjekt står likt, ynskjer vi å fordele innsatsen på ulike artar. Geografisk område er såleis ikkje eit hovudkriterie i denne samanhengen, men på sikt har vi ynskje om ei utjamning slik at næringa og næringsaktørar i alle fire vestlandsfylka skal bli tilgodesett i høve medfinansiering frå Vestlandsprogrammet. Alle fire vestlandsfylka har per i dag utviklingsprosjekt som er delfinansiert gjennom Vestlandsprogrammet. Prosjekta som har fått finansiell stønad omfattar artane torsk, kamskjel, hummar, østers, blåskjel og kråkebolle. Til no er det ikkje motteke søknad frå aktørar innan oppdrett av kveite.

6. Vidare arbeid i nærare framtid

Organisering:

Få på plass samarbeidsavtalar med Norges Forskningsråd (NFR) og Fiskeri og Havbruksnæringsens Landsforening (FHL) og Innovasjon Norge (IN) der deltaking og tilhøvet til Vestlandsprogrammet vert formalisert.

Økonomi:

Fylkesovergripande samarbeid er spesielt viktig for små næringar, og det er derfor positivt at Vestlandsprogrammet har sett av midlar til ein "felles pott". Likevel har programmet i dag avgrensa økonomiske ressursar. I dag er det berre dei fire vestlandsfylka som går inn med årlege beløp til Vestlandsprogrammet. Det er tydeleg at den summen programmet har til rådvelde ikkje strekk til i høve til dei utfordringane nye-arter næringa står ovanfor. Programmet fungerer likevel som ein god arena for koordinering, og ved delfinansiering av prosjekt gjennom Vestlandsrådet

er det ofte også andre private og offentlege aktørar med (t.d. skatteFUNN, Innovasjon Norge, Marint Verdiskapningsprogram (MVP)).

Det ville vere ei føremon at ein får ei ordning der finansieringa av programmet kan sikrast for ei viss tid framover. Nokre av fylkeskommunane/fylka kan ikkje gje tilsegn på midlar til Vestlandsprogrammet før årsskiftet er passert, og dette gjer programarbeidet til ein viss grad vanskeleg i og med at rammer for ei grunnfinansiering ikkje er klarlagt.

Det er positivt at dei fire fylka dei siste to åra har finansiert Vestlandsprogrammet med ein mill kroner kvar per år. Arbeidet med små og nye næringar er kapitalkrevjande. Ein ser gjerne at fylkeskommunane stabiliserer denne innsatsen, og gjerne aukar innsatsen no då Vestlandsprogrammet er operativt og har funne gode samarbeidsformer.

Finansieringsutfordringar:

I det vidare arbeidet vil ein m.a.:

- Oppretthald ei politisk finansgruppe under leiing av Leiv Grønnevet
- Å legge dei finansielle tilhøva til rette for nye-ortar bedrifter
- Posisjonering av nye marine artar i samband regionale forskingsfond
- Synleggjere sentrale innretningar for finansieringsordningar som kan nyttast av nye marine artar-bedrifter (t.d. SkatteFUNN, Marint Verdiskapningsprogram (MVP), Bedriftnettverks-midlar (IN))
- Gjere garantiordninga og risikoavlastning meir tilgjengeleg for nye marine

Rekruttering og kompetanse

- Gjennomføre forprosjektet "Forprosjekt rekruttering og kompetanse – marine bedrifter med hovudvekt på nye-ortar næringa på vestlandet.", og vurdere oppstart av eit prosjekt på rekruttering.
- Følgje opp aktivitetane i det nasjonale prosjektet "Sett sjøbein"
- Følgje opp og eventuelt koordinere (der dette er naturleg) ulike lokale/regionale initiativ på rekruttering.

Næringsutvikling og FoU

Vi vil:

- Følgje opp pågåande prosjekt og aktørar
- Aktiv deltaking i styringsgrupper
- Fortsette med koordinering i høve det øvrige verkemiddelapparat
- Igangsetting av nye prosjekt er avhengig av finansiering

7. Evaluering

Vi vil gjennomføre ei evaluering av Vestlandsprogrammet i 2010. Der vil vi m.a. sjå på organiseringa av arbeidet med programmet (inkludert om Vestlandsprogrammet sin vidare tilknytning til Vestlandsrådet), om programmet bidreg til måloppnåing og kommersialisering av nye marine artar bedrifter, og om ein skal vidareføre den politiske delen av arbeidet i programmet.

8. Politiske problemstillingar

Erfaring har synt at der det ikkje ligg politiske forankring bak, maktar ein sjeldan å bygge ei næring. Det er difor viktig å arbeide saman med det politiske miljøet for å oppnå suksess.

Vestlandsprogrammet jobbar for å legge eit grunnlag for ei marin politisk satsing, og ynskjer at Vestlandsrådet vurderer å påverke i retning om å få laga ei ny marin Stortingsmelding. Finansielle utfordringar vil naturleg vere ein del av dette biletet.

Vestlandsprogrammet ynskjer å arbeide for å tilpasse eksisterande finansieringsordningar slik at dei vert tilgjengelege for nye-ortar bedrifter.

Medlemmane i programgruppa ynskjer då å setje søkelys på Investinor AS. Oppfatninga av selskapet er at rammene og krava er så strenge at midlane i praksis ikkje når fram til "våre" næringsaktørar. Det same kan i noko grad gjelde viljen til å gå inn i mindre bedrifter og ha eit grensesnitt mot såkornfond. Vestlandsprogrammet ynskjer å få politikarane med seg for å "fronte" Investinor i media, bl.a. ved å publisere artiklar i utvalde aviser der ein set fokus på det ein synast ikkje fungerer etter intensjonen.

I dei nest 1-3 åra vil marknaden og driftstilhøva vere svært vanskeleg for torske-oppdrettarane og det vil vere viktig å kunne følgje denne situasjonen og arbeide med tiltak som kan bere næringa gjennom vanskane. Vestlandsprogrammet vil denne hausten sett i gong eit forprosjekt der ein vil vurdere situasjonen for torskeoppdrettarane og komme med tiltak til oppfølging. Politikarane vil koplast opp i oppfølginga av dette forprosjektet.

Regionale forskingsfond. Ein må gjennom politisk arbeid sikre at fonda sin innretning og operative drift er slik at nye marine artar bedrifter kan nytte fonda.

Politisk forankring av strategiar for næringsutvikling. Det er no i gang eit arbeide der ein tek sikte på å utarbeide ein strategi for utvikling av blåskjelnæring i Noreg i 2009-2010. Her er det m.a. drøftingar i Innovasjon Noreg og i fiskeri- og kystdepartementet. Ein bransjeretta næringsstrategi krev ei aktiv, politisk forankring for å gje tyngd.

Programgruppa for Vestlandsrådet ynskjer også ein dialog med finansgruppa under arbeidet med utarbeiding av ny 3-årig handlingsplan.